



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Ålesund kommune

Dato: 20. jan. 2022

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

HØYRING SØKNAD OPPDRETT AV TORSK I ALVESTADBUKTA

Vi viser til høyring på søknad frå Codlife AS om etablering av ny akvakulturlokalitet for torsk utanfor Alvestadbukta, i Ålesund kommune med høyringsfrist 31 jan. 2022.

FNF Møre og Romsdal arbeider mellom anna for å bevare norsk natur og dei artar som lever der. Vi er djupt bekymra for oppdrett i sjøen i det heile der dei tamme dyra påverkar dei ville artsfrendane knytt til genetikk, sjukdom, livssyklus etc. Norske villaksstammer og norsk lakseoppdrett er noko vi diverre har alt for god kunnskap om knytt til negativ påverknad – vi lurar jo på om norske villaksbestander overlever i det heile. Torsk er ved sida av laks ein norsk signalart som vi er bekymra for vil overleve om ein lar oppdrettsnæringa styre grunnen.

Vi les av søknaden om torskeoppdrett i Alvestadbukta mykje om straum, botnssubstrat, plasing av anlegget etc. Men i søknaden finn vi ingen informasjon og vurdering av påverknad oppdrettstorsken har på den ville torskebestanden. Kor er nærmaste gytefelt for torsk og kor er vurderinga av dette ved plasseringa av anlegget ?

Vi les i brevet frå fylkeskommunen av 20.12.2021 noko av den same bekymringa for torsken i havet; «Fylkeskommunen vil be søkar om ei tilleggsutgreiing med omsyn til mogleg påverknad på det næraste gytefeltet for torsk og ei beskriving av tiltak Codlife AS vil gjere for å hindre påverknad på villtorsk.»

Konklusjon

FNF Møre og Romsdal er djupt bekymra for at etablering av torskeoppdrett i Alvestadbukta i Ålesund kommune vil føre til utslettelse av villtorsk i fjorden slik som norsk tamlaks har øydelagt dei norske villaksbestandane. **På dette grunnlag rår vi frå å tillate etablering av torskeoppdrett i Alvestadbukta. Vi ber jfr miljøinformasjonslova om innsyn i**



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

tilleggsutgreiinga som skildrar påverknad som oppdrettsanlegget for torsk vil ha på den ville torskebestanden og gytedefelta.

Ingbjørn Bredeli

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal